

**Avtala om Det europeiske
økonomiske samarbeidsområdet**

EØS-komiteen

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

**nr. 19/2001
av 23. februar 2001**

**om endring av vedlegg XVIII til EØS-avtala (Helse og tryggleik på arbeidsplassen,
arbeidsrett og lik handsaming av kvinner og menn)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XVIII til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 97/2000 av 27. oktober 2000⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsdirektiv 2000/39/EF av 8. juni 2000 om fastsetjing av ei første liste over rettleiande grenseverdier for eksponering i arbeidet i samband med gjennomføringa av rådsdirektiv 98/24/EF om vern av helsa og tryggleiken til arbeidstakarar mot risiko i samband med kjemiske agensar på arbeidsplassen⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsdirektiv 2000/39/EF opphevar med verknad frå 31. desember 2001 kommisjonsdirektiv 96/94/EF av 18. desember 1996 om fastsetjing av ei andre liste over rettleiande grenseverdier i medhald av rådsdirektiv 80/1107/EØF om vern av arbeidstakere mot farer ved å være utsatt for kjemiske, fysiske og biologiske agensar i arbeidet⁽³⁾, som er teke inn i avtala og difor må opphevast i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

⁽¹⁾ TEF L 7 av 11.1.2001, s. 25, og EØS-tillegget til TEF nr. 2 av 11.1.2001, s. 14.

⁽²⁾ TEF L 142 av 16.6.2000, s. 47.

⁽³⁾ TEF L 338 av 28.12.1996, s. 86.

Artikkel 1

I vedlegg XVIII etter nr. 16i (europaparlaments- og rådsdirektiv 1999/92/EF) i avtala skal nytt nr. 16j lyde:

“16j. **32000 L 0039**: Kommisjonsdirektiv 2000/39/EF av 8. juni 2000 om fastsetjing av ei første liste over rettleiande grenseverdier for eksponering i arbeidet i samband med gjennomføringa av rådsdirektiv 98/24/EF om vern av helsa og tryggleiken til arbeidstakarar mot risiko i samband med kjemiske agensar på arbeidsplassen (TEF L 142 av 16.6.2000, s. 47).”

Artikkel 2

I vedlegg XVIII til avtala vert nr. 3b (kommisjonsdirektiv 96/94/EF) oppheva med verknad frå 31. desember 2001.

Artikkel 3

Teksta til kommisjonsdirektiv 2000/39/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*, skal verte gyldig.

Artikkel 4

Denne avgjerda tek til å gjelde 24. februar 2001, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala(*).

Artikkel 5

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utfërda i Brussel, 23. februar 2001.

For EØS-komiteen
Formann

P. Westerlund

Sekretærer for EØS-komiteen

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

